

# **SAMFUNNSDELEN AV KOMMUNEPLANEN**

## **HANDLINGSDEL 2011-2014**

Offentleg ettersyn



## KOMMUNEN SOM TENESTEY TAR OG ARBEIDSGJEVAR

Mål	Strategi	Tiltak	År				Økonomiplan*
			11	12	13	14	
<ul style="list-style-type: none"> <li>bidra til rekruttering og oppfølging av nye innbyggjarar</li> </ul>	<u>Kommunen som samfunnsutviklar</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>rekruttering av nye innbyggjarar</li> <li>halde kontakt med ungdom og utflytte</li> <li>synleggjere mogelegheitene for arbeid i Askvoll</li> <li>arbeide for tilgang på bustader av varierte typar og storleikar tilpassa etterspurnad og familiestruktur</li> <li>legge til rette for kommunale og private bustadfelt</li> <li>arbeide for eit sterkt sentrum i samarbeid med grendene i kommunen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>rekruttering av nye innbyggjarar - bidra med informasjon og tilrettelegging</li> <li>etablere faste rutinar for kontakt med ungdom og utflytte gjennom bruk av sosiale medium og treff</li> <li>lage ei mappe med informasjon og velkomsthelsing til alle nye innbyggjarar</li> <li>få laga ein powerpoint-presentasjon om kommunen</li> </ul>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>ha god fagleg kompetanse og profesjonelle tenester</li> <li>ha eit fleksibelt og tidsretta tenestetilbod</li> </ul>	<u>Kommunen som forvaltar og tenesteytar</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>tenestene på alle kommunale område skal ha god fagleg standard, vere framtidsretta og ha fokus på likeverdige tenester til alle innbyggjarane</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>etablere ei ordning med "vikar-pool"</li> <li>vidareføre og vurdere utviding av stipendordninga</li> <li>Askvoll kommune skal ta inn minst tre lærlingar kvart år</li> </ul>					

<ul style="list-style-type: none"> <li>• sikre rask og effektiv sakshandsaming</li> <li>• vere ein attraktiv arbeidsgjevar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• organiseringa av tenestene skal stadig vere under evaluering og utvikling med fokus på forbetring og fleksibilitet.</li> <li>• alt planverk skal vere oppdatert og rullerast jamnleg</li> <li>• planar for nye tiltak og utvidingar av eksisterande tiltak skal vere utarbeidd slik at ein er i posisjon til å utnytte statlege ordningar</li> <li>• utnytte eige inntekspotensiale</li> </ul> <p><u>Kommunen som arbeidsgjevar og organisasjon</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• sikre godt samarbeid og god informasjonsflyt mellom etatane og mellom tilsette, slik at kommunen opptrer som ei eining</li> <li>• rekruttere godt kvalifiserte fagpersonar, og vurdere særskilte rekrutteringstiltak ved mangel på kompetanse på einskilde fagfelt</li> <li>• legge til rette for kompetanseheving i organisasjonen gjennom etter- og vidareutdanning</li> <li>• utvikle gode rutinar og kultur for medverknad</li> <li>• tilby konkurransedyktige løns- og arbeidstilhøve</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• utvikle og bruke seniortiltak og tiltak for å redusere sjukefråver.</li> <li>• vidareføre og styrkje IA-avtalen</li> <li>• styrkje samhandlinga mellom politisk og administrativt nivå ved å etablere faste kommunale dagar der saker, prosjekt og organisasjon vert lagt fram og drøfta</li> <li>• etablere faste, jamnlege evalueringar av organisasjon og resultat. Bruke årsmeldingane som eit aktivt verktøy for forbetring og utvikling</li> <li>• etablere faste rutinar for samarbeid og informasjon mellom administrasjon og arbeidsgjevarorganisasjonane</li> </ul>					
---	---	--	--	--	--	--	--

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• vere ein attraktiv og spennande arbeidsplass med utfordringar til kvar einskild tilsett</li> </ul>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>• byggje opp eit godt omdømme – som innbyggjarar i Askvoll kommune er vi alle ansvarlege for å byggje eit godt omdømme</li> </ul>	<u>Omdømme</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>• vere gode på å handtere media og sosiale medium og oppnå ei positiv profilering av kommunen</li> <li>• ha eit sentralbord/mottak med god og effektiv service</li> <li>• ha fokus på å gje rask respons til dei som kontaktar kommunen og god informasjon om framdrift i saker</li> <li>• bruke kommuneblomen aktivt i alle tenkjelege og utenkjelege samanhengar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• prioritere ressursar til å utvikle og vedlikehalde ei brukarvennleg og informativ heimeside</li> <li>• drive direkte og indirekte marknadsføring, gjennom å bruke merkevara Askvoll kommune i presentasjonar som blir haldne i og utanfor kommunen</li> <li>• vidareføre profilprisen</li> </ul>				

\*kan ikkje prioriterast innanfor eksisterande rammer, men må tilførast ekstra ressursar

## NÆRINGSUTVIKLING

Mål	Strategi	Tiltak	År				Økonomiplan*
			11	12	13	14	
<ul style="list-style-type: none"> <li>arbeide for å styrke og utvikle næringer innanfor dei områda vi har naturlege føresetnader for å lykkast med</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>vidareutvikle vakre Askvoll som reiselivsmål</li> <li>legge til rette for fiskeri og andre marine næringer</li> <li>arbeide for å oppretthalde eit aktivt landbruk i kommunen</li> <li>legge til rette for næring i samband med utvikling/utnytting av fornybare energikjelder</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>aktivt marknadsføre særmerkte natur- og kulturkvalitetar i reiselivssamanheng</li> <li>utvikle arbeidsplassar, kompetansesenter og reiselivsmål knytt til særmerkte natur- og kulturkvalitetar</li> <li>utarbeide landbruksplan</li> <li>stimulere til at fleire landbrukseigedommar kjem i drift eller vert vurdert selt</li> </ul>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>arbeide for eit variert og robust næringsliv som gir interessante arbeidsplassar til innbyggjarane uavhengig av utdanning, alder, kjønn og livssituasjon</li> <li>Askvoll kommune skal stå fram som ein attraktiv stad å drive, utvikle og etablere berekraftig næringsverksemd</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>bruke statusen som omstillingskommune til nyskaping og styrking av eksisterande og nye arbeidsplassar</li> <li>vere i forkant med å tilrettelegge næringsareal</li> <li>vere ein attraktiv kommune for unge etablerarar og arbeide for god tilgang på lærling- og praksisplassar.</li> <li>framstå som ein rask og effektiv medspelar i næringsarbeid</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>sikre kommunal eigendel i omstillingsarbeidet</li> <li>utarbeide strategisk utviklingsanalyse</li> <li>marknadsføre ledige næringsareal</li> <li>synleggjere og informere om ulike tilskotsordningar gjennom td. tilskotsportalen</li> <li>støtte marknadsføring av produkt/varer som</li> </ul>					

	<ul style="list-style-type: none"> <li>arbeide aktivt for å fremme næringslivet sine behov overfor styresmakter og andre partar, og påverke rammevilkår</li> </ul>	<p>er utvikla og produsert i kommunen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>bevisstgjere og oppmode bedrifter og samarbeidspartar om å bruke merkevara Askvoll kommune i all profilering og marknadsføring</li> <li>alltid ha oppdatert brosjyremateriell om Askvoll kommune</li> </ul>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>styrke næringsrelatert samarbeid i kommunen og på tvers av kommunegrensene</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>etablere eit tett samarbeid med næringsorganisasjonen i Askvoll, og vere aktive medspelarar for eit variert og samkøyrte næringsliv.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>ta initiativ til eit sterkare og meir samordna næringsarbeid i Hafs</li> <li>stimulere til samarbeid med næringsorganisasjonar i andre kommunar/område</li> <li>etablere faste samarbeidsrutiner mellom Askvoll kommune og Askvoll næringsutvikling</li> </ul>					

\*kan ikkje prioriterast innanfor eksisterande rammer, men må tilførast ekstra ressursar

## SAMFERDSEL OG KOMMUNIKASJON

Mål	Strategi	Tiltak	År				Økonomiplan*
			11	12	13	14	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• prioritere opprustning og sikring av det kommunale vegnettet</li> <li>• bygge og vedlikehalde gang- og sykkelveggar</li> <li>• arbeide for godt vedlikehald, utbetring og sikring av fylkesveggar i kommunen og regionen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• kartlegge og sikre rasfarlege område langs vegane i samarbeid med ansvarleg styresmakt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• rullere hovudplan for kommunale veggar</li> <li>• arbeide aktivt opp mot vegeigar for å vedlikehalde og rassikre fylkesvegane</li> <li>• drive trafikktryggingsarbeid mellom barn og unge</li> <li>• sikre skuleveggar med lys, gangfelt og gang- og sykkelveggar</li> </ul>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>• arbeide aktivt for utbygging av nye vegsamband i regionen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• arbeide for realisering av Atløysambandet</li> <li>• vere aktive pådrivarar for Kystvegen, Ålesund - Bergen, med fokus på lokale og regionale samband</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• vidareføre samarbeidsgruppa for Atløysambandet</li> <li>• halde fram samarbeidet i Kystvegen for å fremje realisering av traséar i vår region</li> </ul>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>• sikre at varetransport inn og ut av kommunen er mest mogeleg effektiv</li> <li>• vere aktiv pådrivar for eit effektivt og trygt kollektiv transporttilbod internt i kommunen og mellom sentrale trafikknutepunkt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• sikre gode hamner og kaier</li> <li>• arbeide for å sikre eit tenleg flyplasstilbod</li> <li>• sikre tenleg tilbod av offentleg transportmiddel/drosje i alle krinsar</li> <li>• i samarbeid med andre instansar, legge til rette for dagpendling både til arbeid og skulegang</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• støtte etableringa av Sunnfjord hamn</li> <li>• bruke mogelegheitene som ligg i nye/fornyng av anbod til å betre det offentlege rutetilbodet i kommunen</li> <li>• arbeide for ferjeavgangar tilpassa behovet til ei kvar tid</li> <li>• arbeide for gode pendlarruter</li> </ul>					

		• få etablert fjordkryssande arbeidsruter					
• ha eit tilfredsstillande mobil- og breibandnett i alle bustad- og næringsområde i kommunen							

\*kan ikkje prioriterast innanfor eksisterande rammer, men må tilførast ekstra ressursar



## BARN OG UNGDOM

Mål	Strategi	Tiltak	År				Økonomiplan *
			11	12	13	14	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• gje born og unge ei positiv oppleving av oppveksten og plassen dei bur på</li> </ul>							
<ul style="list-style-type: none"> <li>• syte for at det pedagogiske tilbodet i barnehage, sfo og skule til ei kvar tid er prega av kvalitet og profesjonalitet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• legge vekt på lokalt og regionalt utviklingsarbeid som fremmer gode læringsmiljø for borna og sikrar fagkompetanse</li> <li>• ha ein barnehage- og skulestruktur som gir effektiv læring og kortast mogeleg reisetid</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• bruke resultatane frå elevinspektørane og nasjonale prøver som rettesnor for prioritering av utviklingsarbeid i skulen</li> <li>• leggje til rette for lokalt og regionalt samarbeid og utviklingsarbeid innan skule og barnehage</li> </ul>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>• legge vekt på at barnehage, skule og andre oppvekstmiljø er prega av tryggleik, toleranse og opne haldningar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• barn skal ha ei sikker og god reise til skule og barnehage gjennom eit effektivt skystilbod</li> <li>• fokusere på haldningsskapande arbeid i barnehage, sfo, skule og fritidsaktivitetar/lag og organisasjonar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• etablere ei tverrfagleg administrativ arbeidsgruppe som har fokus på heilskapleg arbeid mellom barn og unge</li> <li>• stimulere til bruk av opplegg og program mot mobbing</li> <li>• etablere faste temadagar for barn og unge med fokus på førebygging og informasjon</li> <li>• bruke politirådet aktivt som samarbeidsarena for førebyggjande arbeid innan rus, kriminalitet og uønska åtfærd</li> </ul>					

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• ha ei god rådgjevingsteneste innan helse for ungdom (helsestasjon)</li> </ul>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>• arbeide for at barn og unge skal ha eit variert og utviklande fritidstilbod og legge vekt på at kvart enkelt barn får utvikle og synleggjere sine evner og sin kreativitet</li> <li>• sjå born og unge som den ressursen dei er i eit lokalmiljø, og legge vekt på å styrke det gode samarbeidet mellom offentleg og frivillig barne- og ungdomsarbeid.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• sikre kulturskulen og ha eit godt, desentralisert kulturskuletilbod</li> <li>• legge til rette for utandørs aktivitetsområde</li> <li>• skape lokale og kommunedekkande felles møteplassar for born og ungdom</li> <li>• legge til rette for aktive elevråd og eit aktivt ungdomsråd</li> <li>• knytte kontakt mellom skule/barnehage og lokalsamfunnet rundt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• auke støtteordningane til frivillig arbeid med barn og unge</li> <li>• bruke ordninga med lokale transportmidlar for ungdom aktivt og maksimalt</li> <li>• organisere og støtte felles møteplassar og arrangement</li> </ul>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>• ha eit vidaregåande skuletilbod i regionen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• arbeide for å sikre tilbodet ved dei vidaregåande skulane i regionen</li> </ul>						

\*kan ikkje prioriterast innanfor eksisterande rammer, men må tilførast ekstra ressursar

## HELSE OG OMSORG

Mål	Strategi	Tiltak	År				Økonomiplan *
			11	12	13	14	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Askvoll skal vere ein god og trygg stad for alle i alle fasar av livet og i alle livssituasjonar</li> <li>• mennesket skal vere i sentrum i helse- og omsorgstenesta, med fokus på å styrke eigen omsorgsevne</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• arbeide for at alle skal kjenne seg inkluderte uansett fase i livet</li> <li>• sikre eit støtteapparat som går tidleg inn og hjelper familiar og personar med ein vanskeleg livssituasjon</li> <li>• drive haldningsskapande arbeid i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar</li> <li>• ha eit bevisst og avklart forhold til skjenkepolitikken i kommunen</li> <li>• stimulere til "grøn omsorg"-tilbod i kommunen.</li> <li>• jordmor og helsestasjon skal vere gode møteplassar for barn og familie med fokus på samtale, rettleiing og hjelp.</li> <li>• styrke samarbeidet med Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• styrke Hafs interkommunale barnevern</li> <li>• vidareutvikle Aktivitetssenteret med nye tilbod som base for aktivitetar, oppleving og inkludering</li> <li>• utnytte Nærmiljøsentralen som base og sentral for trivselstiltak for alle grupper</li> <li>• medverke til at det blir etablert regionalt overgrepsmottak</li> <li>• sikre og medverke til ei god krisesenterordning</li> </ul>					

<ul style="list-style-type: none"> <li>• ha tilbod som ivaretek alle felt innan omsorg og helse på alle aldersnivå</li> <li>• ha nærleik til nødvendig spesialisthelseteneste</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• tilpasse tilbod av sjukeheimplassar, omsorgsbustader, aktivitetssenter og hjelp i heimen i takt med etterspurnaden og behovet</li> <li>• Askvollheimen skal vere vår hovudbase for omsorg.</li> <li>• eldrebustadane i grendene skal utnyttast optimalt.</li> <li>• vere aktivt med i interkommunalt samarbeid for å gjennomføre samhandlingsreforma.</li> <li>• krevje ei trygg og effektiv ambulanseteneste som sikrar at folk får medisinsk hjelp når dei treng det</li> <li>• sikre eit godt tannlegetilbod</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• utarbeide ein heilskapleg og langsiktig helse- og omsorgsplan</li> <li>• sikre kompetanse som trengst for å utføre/møte nye oppgåver som vert lagt til kommunenivået</li> <li>• utvikle gode samarbeidsrutiner mellom vår helse- og omsorgsetat og sjukehusa</li> <li>• delta i interkommunalt samarbeid om samhandlingsreforma</li> <li>• halde fram med legevaktsamarbeidet</li> <li>• sikre båtambulans i kommunen</li> </ul>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>• arbeide for universell utforming i alle offentlege bygg, anlegg og transportmiddel</li> <li>• motivere til og legge til rette for allsidig fysisk aktivitet og sunne livsvanar hos innbyggjarane</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• sikre at det er lett å bruke sjø- og turområde, og vere aktiv formidlar av rekreasjonstilboda som vår eineståande natur byr på</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• etablere ordning med folkehelsekoordinator</li> </ul>					

\*kan ikkje prioriterast innanfor eksisterande rammer, men må tilførast ekstra ressursar

## KULTUR OG FRIVILLIG ARBEID

Mål	Strategi	Tiltak	År				Økonomiplan *
			11	12	13	14	
<ul style="list-style-type: none"> <li>byggje stoltheit og identitet ved å ta vare på og synleggjere historia og kulturarven vår</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>samle og dokumentere bilete, film, kunnskap og historie</li> <li>legge til rette for at skuleelevane skal få kunnskap om lokalhistorie frå alle delar av kommunen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>ta vare på historia gjennom dokumentasjon og bevaring av film, bilete, lydopptak mm.</li> <li>ha ei aktiv sogenemnd og stimulere deira arbeid</li> <li>halde fram arbeidet med nye bind av bygdeboka</li> <li>legge til rette for at unge får kunnskap om lokalhistorie frå alle deler av kommunen gjennom opplegg innan Den kulturelle skulesekken</li> </ul>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>arbeide for eit aktivt og mangfaldig kulturliv med kvalitet og breidde, som inkluderer alle i alle aldrar, fremjar trygge oppvekstmiljø, eigenutvikling, fellesskap, god helse og trivsel</li> <li>ta vare på og stimulere til det frivillige initiativet og dugnadsinnsatsen gjennom å støtte opp om lag og organisasjonar og felles arrangement</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>arbeide for god informasjon om aktuelle fritidstilbod</li> <li>legge til rette for at kommunale bygg, kyrkjebygg, private bygg og uteareal/rekreasjonsområde kan nyttast til felles opplevingar/arrangement</li> <li>ha ei velfungerande bibliotekteneste i kommunen</li> <li>skape fellesaktivitetar for ulike</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>bruke heimesida til kommunen aktivt slik at innbyggjarane og tilflyttarar får informasjon og oversikt over aktivitet og tilbod i alle grendene</li> <li>informere frivillige lag og organisasjonar om tilskotsordningar og utarbeide elektroniske søknadsskjema</li> </ul>					

	<p>aldersgrupper og på tvers av aldersgrupper</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• samarbeide med velforeiningar, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet om større arrangement i kommunen</li> <li>• inkludere og utvikle arrangement/møteplassar for innbyggjarar frå andre land og kulturar</li> </ul>						
<ul style="list-style-type: none"> <li>• knyte kontaktar og utvikle samarbeid i kommunen, regionen og fylket for å skape eit breiare og meir mangfaldig kulturtilbod</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• bruke Nærmiljøsentralen, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og ungdomsrådet som rådgjevarar i høve til tilrettelegging av kulturtilbod</li> <li>• samarbeide med Kyrkja og andre trussamfunn</li> <li>• samarbeide med nasjonale og regionale kulturaktørar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• samarbeide med lag og organisasjonar om rullering og aktiv bruk av kommunedelplan for idrett og friluftsliv</li> <li>• etablere årlege møte med velforeiningar og store frivillige lag og organisasjonar</li> <li>• sikre idrettsrådet med budsjettmidlar</li> <li>• etablere song- og musikkråd</li> </ul>					

\*kan ikkje prioriterast innanfor eksisterande rammer, men må tilførast ekstra ressursar

## VAKRE ASKVOLL KOMMUNE

Mål	Strategi	Tiltak	År				Økonomiplan *
			11	12	13	14	
<ul style="list-style-type: none"> <li>vise fram dei kvalitetane og ressursane vi har i kommunen, og gjere kommunen lett å finne fram i</li> <li>arbeide for universell utforming av attraktive rekreasjonsområde</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>skilte bygg, attraksjonar, turstiar og stader</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>utarbeide plan for skilting av kulturminne og kulturmiljø</li> <li>utarbeide plan for stadnamn og skilting</li> <li>legge til rette for at viktige turstiar, turvegar og badeplassar er godt skilta og tilgjengelege for alle</li> </ul>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>gjere kommunen attraktiv og tiltalende med velstelte og pene sentrumsområde</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>opparbeide uteområda i bygdесentra</li> <li>fokusere på vedlikehald av vegar og plassar, slå gras, stelle bed, fjerne boss</li> <li>stelle/vedlikehalde kommunale eigedomar - både bygg/anlegg og uteareal</li> <li>fokusere på fasadar, uterom og estetikk i planlegging, byggjesakshandsaming og utbygging</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>ha tilstrekkelege personellressursar og midlar til materiell/utstyr i Vaktmeistersentralen, evt. inngå avtale med andre partar</li> </ul>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>avgrense attgroing av natur- og kulturlandskap</li> <li>vedlikehalde rekreasjonsområde slik at dei opprettheld kvaliteten og trivselsverdien</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>rydde skog og kratt langs vegar, attraksjonar og utsiktspunkt</li> <li>hindre attgroing av kulturlandskapet ved at bøar og beitemark vert slått/beita</li> <li>sikre ordning for å fjerne herrelaust boss</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>samarbeide med grunneigar og andre om å få rydda langs vegar og i kulturlandskap</li> <li>synleggjere verkemiddel, tilskotsordningar</li> <li>samarbeid med næringsliv, faglag, velforeiningar, turlag og idrettslag</li> </ul>					

	langs strendene/kysten	<ul style="list-style-type: none"> <li>etablere ei god og framtidretta ordning for herrelaust/marint søppel gjennom prosjektet Kystarven.</li> </ul>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>sikre godt vedlikehald av kulturminne</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>samarbeide med vernestyresmakter om forvaltning av kulturminne</li> </ul>						

\*kan ikkje prioriterast innanfor eksisterande rammer, men må tilførast ekstra ressursar



## BEREDSKAP OG BEREKRAFTIG UTVIKLING

Mål	Strategi	Tiltak	År				Økonomiplan *
			11	12	13	14	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• ha ei berekraftig utvikling og arbeide for å redusere energibruken og klimagassutsleppa</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• ha ei bevisst haldning til energibruk innafor kommunale bygg og anlegg, og på transportsektoren</li> <li>• ha ei bevisst haldning til material- og anna ressursbruk, og arbeide for å redusere ureining og avfallsmengde frå hushald, hytter og næring</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• følge opp og rullere kommunedelplan for klima og energi</li> <li>• gjennomføre enøk-tiltak i kommunale bygg</li> <li>• stimulere til bruk av alternative energikjelder i nybygg</li> <li>• drive haldningsskapande arbeid i skule og barnehage gjennom til dømes " Regnmakerne"</li> </ul>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>• vere budd på eventuelle klimaendringar</li> <li>• sikre god beredskap i kommunen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• dimensjonere avløps- og drengssystem tilstrekkeleg, og bruke alternative drengsløysingar</li> <li>• trygge drikkevassforsyninga ved å syte for at internkontrollsystem og beredskapsplanar for vassverka har tilstrekkelege vurderingar av risiko iht. klimaendringar og vert følgt opp med nødvendige tiltak</li> <li>• kartlegge risiko for naturskade og sikre område langs eksisterande vegar og i bebygde område.</li> <li>• sikre straumforsyning og telekommunikasjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• vurdere interkommunalt brannvern</li> </ul>					

\*kan ikkje prioriterast innanfor eksisterande rammer, men må tilførast ekstra ressursar

